

Osterøy kommune, plan
Rådhuset
5282 LONEVÅG

5525 Brev-varsling off Side 1 (2)
Vår ref.: 5525/KT
Bergen, 30.08.2008

MELDING OM IGANGSETTING AV PRIVAT PLANARBEID FOR MASSETAK, GNR 6 BNR 1. VEVLETVEIT, OSTERØY KOMMUNE.

I medhald av plan- og bygningslova § 30, jf. § 27-1, vert det med dette varsla om oppstart av privat planarbeid, med reguleringsplan for massetak; gnr 6 bnr 1. (jf. vedlagt kart).

Med privat reguleringsplan skal forstås:

Privat reguleringsplan etter pbl § 30, der grunneigarar, tiltakshavar (utbyggjar) m. fl. tek initiativ, avklara dette med kommunale styresmakter, og deretter utarbeider planen. Forslag til plan vert sendt til kommunen, som deretter overtek ansvaret for sakshandsaming med innhenting av uttalelsar til planen og evt. krev endringa før den vert lagt fram til vedtak i kommunestyret.

Tiltakshavar for gnr 6 bnr 1 er Fotlandsvåg Maskinentreprenør as. KOMPAS as er konsulent for planarbeidet.

Planområdet er avgrensa som vist på vedlagt kartutsnitt, og omfatta eit område på om lag 60 dekar. Området inkluderar dagens masseuttak.

Tilgangen til området med bil skjer frå Rv.567. Endeleg avgrensing av planen vil avgjerast i løpet av planprosessen. Området er uregulert og ligg i landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) og som noverande og framtidig masseuttak i kommunedelplanen for Hauge.

Planens formål er å leggja delar av området til rette for uttak av stein og seinare som tipp for lausmassar, samt for "grønne formål" (landbruk m.m.). Området kan, ved å nyttast som tipp for reine massar, tilbakeførast til ei hensiktsmessig høgde når drifta av massetaket er avvikla, og dermed skjule mykje av dei inngrepa som vert gjort.

Det skal bl. a. gjennomførast støyvurderingar i samband med planarbeidet. Uttaksvolum, årleg produksjon, produkt, marknad og liknande vil verte avklart i planprosessen.

Gjeldande konsesjon for massetaket skal samordnast med reguleringsplanen. Reguleringsplanen legg ikkje opp til utviding av massetaket ut over det som er gitt i gjeldande konsesjon.

Vidare saksgang.

KOMPAS as

Fortunen 1, 5013 Bergen
Tlf 55 30 08 70
Faks 55 30 08 71

Kompetansesenter for Arealplanlegging og Samferdsel

Foretaksregisteret: NO 982 552 893 MVA
firmapost@kompas.as
www.kompas.as

Etter at fristen for merknader ved planoppstart er gått ut, vil tiltakshaver få utarbeidet sjølve planforslaget i løpet av 2008. Deretter blir det sendt til Osterøy kommune for handsaming.

Når forslaget etter første gang handsaming (politisk i planutvalget) blir sendt ut på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn, vil det vera anledning til å koma med merknader og eventuelle protestar, før vidare politisk handsaming.

Merknader og innspel som kan ha betydning eller interesse for oppstart av planarbeidet, kan sendast innan 31.10.2008 til:


**KOMPAS as
Fortunen 1
5013 BERGEN**

Det er ikkje nødvendig å sende kopi av merknader til Osterøy kommune, då dette vert ivareteke av konsulent. Alle mottekne dokument, merknader og liknande vil bli oversendt kommunen saman med planforslaget.

For nærmare informasjon, kan spørsmål rettast til konsulent på telefon nr 55 30 08 70.


Med venleg helsing

KOMPAS as



Kjetil Tepstad

Vedlegg: Karts-kisse datert 25.09.2008.



Rev.	Erstatning – endring	Dato	Revidert	Godkjent	
Oppdragsgiver:	Fotlandsvåg maskinentreprenør AS	Utarb.:	KT		
Prosjektnavn:	Massetak Vevletveit	Kontr.:	ASL		
Plantype:	Oppstart av planarbeid, kart	Godkj.:			
		Mål.:	1: 4000		
		Dato:	25.09.2008		
		Filnavn:			
 KOMPAS as Førtunen 1, 5013 BERGEN Tlf: 55300870 / Fax: 55300871 http://www.kompas.as		Prosj.nr.:	Tegn. nr.	Rev.	
		Prosj.nr.:	KOMPAS AS		
			5525		